

**Notat**

Dato: 06.06.2019  
Arkivsak: 2018/16011-2  
Saksbehandlar: TRUFLAT

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Orientering om retningslinjer for eigarstyring i Vestland fylkeskommune og prosessen med overføring av eigarskap**

I samband med delprosjektområde 15 om eigarskap, er det utarbeidd tre ulike delrapportar. Delrapport to og tre omhandlar kva Vestland fylkeskommune bør ha av generelle retningslinjer for eigarstyring og prosessen for overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune. Dette notatet er eit samandrag av desse rapportane i delprosjekt 15.

### **Retningslinjer for eigarstyring i Vestland fylkeskommune**

Delrapport 2 inneheld ei oversikt over krav og anbefalingar som gjeld generelle retningslinjer for eigarstyring. I tillegg gjev delprosjektgruppa ei tilråding om kva retningslinjer Vestland fylkeskommune (VLFK) bør ha.

### **Kommunelova**

I 2018 vedtok Stortinget ny kommunelov (koml. 2018). Ifølgje lova § 26-1 skal fylkeskommunar "*minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av [...] fylkestinget selv*". Kapittel 26 i koml. 2018 trer i kraft frå og med det konstituerande møtet i fylkestinget ved oppstart av valperioden 2019-2023.<sup>1</sup> Kravet til eigarskapsmelding vil såleis gjelde for Vestland fylkeskommune, og minst ein gong i valperioden 2019-2023 må fylkestinget i VLFK vedta ei eigarskapsmelding. Meldinga skal ifølgje § 26-1 innehalde VLFK sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over alle selskap og verksemder som VLFK har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og VLFK sine formål med eigarskap i dei ulike selskapa. Fylkeskommunen står fritt til å omtale andre tilhøve i tillegg til minimumskrava i § 26-1, og til å oppdatere eller endre eigarskapsmeldinga fleire gongar i løpet av valperioden.

### **KS sine anbefalingar**

KS har utarbeida "anbefalingar om eierstyring, selskapsledelse og kontroll" for kommunalt og fylkeskommunalt eigarskap.<sup>2</sup> Dei 21 tilrådingane skal sikre god folkevald styring og forvaltning av eigarskapen. Ei av tilrådingane er at fylkestinget bør utarbeide ei eigarskapsmelding med overordna prinsipp for eigarskapen. Det er viktig at eigarskapsmeldinga er tilgjengeleg for innbyggjarane i fylket. KS sine anbefalingar er utarbeida før koml. 2018, og går lenger enn lovkravet om eigarskapsmelding. Etter KS sitt syn bør eigarskapsmeldinga utarbeidast årleg. KS sine anbefalingar for innhald er også meir omfattande enn krava i koml. 2018. Til dømes meiner KS at fylkeskommunane bør omtale «*selskapes*

---

<sup>1</sup> Jf. res. 20. desember 2018 nr. 2062.

<sup>2</sup> [https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring\\_digital.pdf](https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf)

*samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.»* i eigarskapsmeldinga. Ei eigarskapsmelding i samsvar med anbefalingane vil ifølgje KS sikre nødvendige styringssignale til selskapa, tydeleggjere dei folkevalde sitt ansvar og bidra til meir openheit overfor omverda.

KS gjev fleire anbefalingar for eigarstyring m.m. som bør innarbeidast i eigarskapsmeldinga som ein del av VLFK sine prinsipp for eigarstyring. Tilrådingane gjeld mellom anna opplæring av dei folkevalde, styreoppnemning, styresamansetnad, oppnemning av eigarrepresentantar, gjennomføring av eigarmøte, styregodtgjersle og etiske retningslinjer.

### **Praksis i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Hordaland fylkeskommune (HFK) skal utarbeide ei eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unntak av første året i valperioden.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) utarbeider årleg ei eigarskapsmelding som fylkestinget vedtek på oktobertinget. Eigarskapsmeldinga inneheld både retningslinjer for eigarutøving, og oversikt over eigarskapen inkludert formåla med eigarskapen i dei ulike verksemdene.

Fylkeskommunane sin tidlegare praksis stettar det nye lovkravet til eigarskapsmelding, og begge fylkeskommunane følgjer i stor grad KS sine tilrådingar. Delrapporten syner likevel at fylkeskommunane har noko ulik praksis innanfor eigarskapsområdet, og at det er moglegheit for nokre forbetringar i retningslinjene og eigaroppfølginga.

### **Eigarskapsmelding for VLFK**

Med utgangspunkt i HFK og SFFK sine eigarskapsmeldingar vil administrasjonen utarbeide eit utkast til eigarskapsmelding for VLFK. Eigarskapsmeldinga skal støtte krava i den nye kommunelova, og vil innehalde både retningslinjer for eigarstyring, oversikt over selskap, og oversikt over VLFK sine formål med eigarinteressene. Retningslinjene vil bli utforma i tråd med KS sine anbefalingar om eigarstyring.

### **Politisk handsaming**

Prosjektlear legg opp til at fylkestinget skal handsame eigarskapsmeldinga årleg, slik KS tilrår. Årleg handsaming vil bidra til kontinuerleg og heilskapleg oppfølging av eigarskapen, som igjen vil sikre forsvarleg eigarskapsforvaltning i VLFK.

Eigarskapsmeldinga vil innehalde retningslinjer for val av styremedlemar og eigarrepresentantar. Det er såleis ein fordel om fylkestinget i Vestland kan vedta den første eigarskapsmeldinga så tidleg som mogleg i valperioden, og før VLFK skal velje styremedlemar og eigarrepresentantar. Den første eigarskapsmeldinga for VLFK bør derfor leggast fram for fylkestinget i det andre møtet, dvs. 17. desember 2019. Ei oppdatert eigarskapsmelding vil deretter bli lagd fram for fylkestinget kvart år.

### **Val av styremedlemar og eigarrepresentantar**

I møte 13.05.19 vart FN-AU i sak PS 22/19 presentert for eit forslag til reglement for fylkestinget i Vestland. Av reglementet går det fram at fylkestinget skal gjere vedtak i saker om val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og liknande, jf. punkt 2.4.6. Fylkeskommunen skal peike ut nye medlemar før ordinære generalforsamlingar og representantskapsmøte i 2020. Fylkestinget bør derfor velje styremedlemar og eigarrepresentantar i det første fylkestingsmøtet i 2020, som truleg blir i mars.

### **Proessen med overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune**

Delrapport 3 inneheld ei utgreiing om kva som skal til for at eigarskapen i dagens fylkeskommunar vert overført til Vestland fylkeskommune. Utgreiinga tek for seg dei ulike selskapa eller samarbeida fylkeskommunane eig eller er involvert i, og ser på kva som er nødvendig både av administrativt arbeid og politiske vedtak for å sikre ei forsvarleg overføring av eigarskapen.

**Aksjeselskap** utgjer i omfang den største eigarskapsposten i begge dei eksisterande fylkeskommunane. Til saman har fylkeskommunane eigarskap i 45 aksjeselskap. Fylkeskommunane sin eigarskap i aksjeselskapa vert overført utan noko behov for politisk handsaming eller samtykke frå selskapsstyra. Det kan likevel oppstå behov for å endre vedtekter og selskapsavtale i ettertid, m.a. der fylkeskommunen er nemnd med namn, der eigarbrøken vert endra i strid med intensjonen med selskapet eller der talet stemmer må fordelast på anna vis. Behovet for endring i ettertid er gjerne størst for dei selskapa der begge dei eksisterande fylkeskommunane er eigarar. Dette er Kommunekraft AS, Ferde AS, Skyttel AS, Fjord Norge AS, Gulen- og Masfjorden utvikling AS og Innovasjon Norge (Innovasjon Norge er regulert i ei eiga lov, men likevel naturleg å nemne her).

Deltakinga i **interkommunale selskap (IKS)** vert overført så lenge det ligg føre samtykke frå alle deltakarane i selskapet. Både SSK og HFK er saman med andre fylkeskommunar deltakar i det interkommunale selskapet Vigo IKS. Dei 19 deltakarane har i dag lik eigardel i selskapet og kvar deltakar er ansvarleg for 1/19 av selskapet si samla gjeld. Her vil det vere behov for å endre vedtektene, dersom deltakarane framleis skal ha lik eigardel i selskapet. HFK og SFFK deltek i tillegg i kvart sitt IKS, og her vil det i etterkant av samanslåinga vere nødvendig å endre namnet på fylkeskommunen som deltakar i vedtektene. Selskapsavtalen eller vedtektene til eit IKS kan endrast ved at deltakarane (ved fylkesting/kommunestyre) gjer likelydande vedtak om dette.

Fylkeskommunane er til saman medlem av tre **interkommunale samarbeid etter koml. § 27**. For dei tre samarbeida vil det vere behov for å oppdatere namnet på fylkeskommunen som deltakar i samarbeida eller som juridisk ansvarleg kommune (NDLA). Ei endring av vedtektene vil som regel krevje vedtak både i representantskapet (eller styret dersom samarbeidet berre har eit organ) og i deltakarane sine fylkesting/kommunestyre.

HFK og SFFK vil ved årsskiftet vere medlem av kvart sitt **samvirkeføretak**. Medlemskapet i eit samvirkeføretak vert berre overdrege til VLFK, dersom samvirkeføretaket sine vedtekter nemner særskilt at overføring er tillate. For OKOS SA sin del vil vedtektene opne opp for dette. For Biblioteksentralen SA, eit samvirkeføretak eigd av norske kommunar og fylkeskommunar, KS og Norsk Bibliotekforening, må det søkast om medlemskap på nytt. Føretaket kan berre nekte avslå søknaden dersom det er sakleg grunn for det, jf. vedtektene § 3, så det skal ikkje vere problematisk å få fornye medlemskapet.

**Gjensidige selskap.** Begge fylkeskommunane er i dag med i det avtalebaserte selskapet KLP (Avtale om kommunal pensjonskasse). KLP er ein stor aktør, og vi legg til grunn at KLP sjølv tek stilling til kva for endringar som vil vere nødvendige å gjere som følgje av kommune- og regionreforma. Fylkeskommunen vil ta kontakt med KLP om dette juni 2019.

Fylkeskommunane er til saman «involverte» i 46 **stiftingar** og fire **foreiningar**. Stiftingar og foreiningar er sjølvvegande, og fylkeskommunane har derfor ikkje noko eigarskapsinteresser i desse. Grunnen til at desse organisasjonsformene likevel vert nemnde her, er at fylkeskommunane har plikter eller rettar overfor desse som vert overførte til VLFK. Dette er typisk oppgåva med å velje styremedlemar eller ein uttalerett som opprettar i samband med omdanning av stiftingar. Tilskot til stiftingar og foreiningar vert tildelt årleg basert på søknad, og VLFK vil ikkje få overført plikter av denne typen. Det ser heller ikkje ut til å føreligge andre avtalebaserte plikter av økonomisk karakter overfor stiftingar eller foreiningar. Dersom fylkeskommunane er nemnde med namn i stiftinga eller foreininga sine vedtekter, vil det i etterkant av samanslåinga vere nødvendig å endre vedtektene på dette punktet.

### **Ansvar**

Styret i eit selskapa har eit forvaltningsansvar for selskapet, og med dette eit ansvar for å sørkje for å gje eigarane beskjed dersom selskapsavtalen ikkje er i tråd med selskapet si verksemd eller det styringsverktøyet selskapet skal halde seg til. For selskap med fleire eigarar er gjerne styret si plikt sterkare, enn ved ein eigar. Ved å ta kontakt med dei ulike selskapa juni 2019, tek Nye Vestland fylkeskommune sin

del av ansvaret med å sikre ei forsvarleg overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune. I dei tilfella det er nødvendig med politisk behandling, vil administrasjonen legge fram politiske saker for det aktuelle politiske organet så snart det let seg gjere i 2020. Dersom det let seg gjere å samordne ulike saker, vert dette gjort.

For meir informasjon om arbeidet med eigarskap, syner prosjektleiar til dei vedlagte rapportane i sin heilskap.

#### Vedlegg

- 1 DPO 15 Eigarskap - Delrapport om retningslinjer for eigarstyring i Vestland fylkeskommune
- 2 DPO 15 Eigarskap - Delrapport om overføring av eigarskap til Vestland fylkeskommune